

**Saksframlegg**

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun, Fylkesrådmannen, Hordaland  
 Saksbehandlar: Ole Inge Gjerald, Fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane  
 Sak nr.: 2015/1434-552

**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		18.12.2017

**Rekruttering av prosjektleiar/fylkesrådmann****Fylkesordførarane rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:**

1. Fellesnemnda startar prosessen med å tilsetje prosjektleiar for samanslåinga av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland. Prosjektleiaren vil tiltre som fylkesrådmann for den nye fylkeskommunen frå 01.01.2020.
2. Til denne rekrutteringsprosessen nemner fellesnemnda opp eit eige tilsettjingsutval, beståande av arbeidsutvalet (FN-AU) og to representantar frå arbeidstakarorganisasjonane.

**Vedlegg:**

- 1 Intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland (17.01.2017), kap. 4.
- 2 Reglement for fellesnemnda, vedteke 27.10.2017, § 14.

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### Bakgrunn for saka

Fylkesordførarane legg med dette fram sak om rekruttering av prosjektleiar for arbeidet med samanslåing av fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane.

I §22 i kommunelova er det nedfelt at det er fylkestinget sjølv som tilset administrasjonssjef. Omgrepene nemninga administrasjonssjef er innført i lovverket som ei kjønnsnøytral stillingsnemning for den øvste administrative leiaren i fylkeskommunen. Det er likevel høve til å nytte fylkesrådmann som stillingsnemning, slik det er praksis for både i Sogn og Fjordane og Hordaland.

Fellesnemnda har gjennom §14 i reglementet fått fullmakt til å tilsetje ny administrasjonssjef, heretter omtala som fylkesrådmann.

Fylkesordførarane ser det som naudsynt å rekruttere den framtidige fylkesrådmannen tidleg i samanslåingsprosessen, slik at vedkomande kan fungere som prosjektleiar for samanslåingsprosessen og sikre framdrift i utgreiingsarbeid, organisasjonsutforming og tilsetjing av personell i den nye fylkeskommunen.

Prosjektleiar vil rapportere til fellesnemnda gjennom samanslåingsprosessen, og fungere som fylkesrådmann i den nye fylkeskommunen frå 01.01.2020.

### Tilsetjingsutval

Fylkesordførarane gjer framlegg om at fellesnemnda sitt arbeidsutval saman med tillitsvalde utgjer eit tilsetjingsutval som får i oppdrag å rekruttere prosjektleiar/fylkesrådmann. Tilsetjingsutvalet innstiller til fellesnemnda som gjer endeleg vedtak om tilsetjing.

Prosessen bør starte slik at prosjektleiar kan tiltre seinast på ettersommaren 2018 (3.kvartal 2018).

Inntil ny prosjektleiar er tilsett, vil fylkesrådmann i Sogn og Fjordane, Tore Eriksen og fylkesrådmann i Hordaland, Rune Haugsdal i fellesskap fungere som prosjektleiing.

Fylkesrådmennene støttar den skisserte løysinga.

### Fylkesordførarane si tilråding

Fylkesordførarane gjer framlegg om at fellesnemnda startar prosessen med å tilsetje prosjektleiar for samanslåinga av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland. Prosjektleiaren vil tiltre som fylkesrådmann for den nye fylkeskommunen frå 01.01.2020. Til denne rekrutteringsprosessen nemner fellesnemnda opp eit tilsetjingsutval, bestående av arbeidsutvalet (FN-AU) og to representantar frå arbeidstakarorganisasjonane.